

HIELGESTUNDIER



NR 2, 2024 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 92. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:



- «Såmannen» - kunst i Høyanger kyrkje
- Misjonsprosjekta i sokna
- Alværa misjonscenter
- Landslova

God sommar!

«Såmannen» på preikestolen i Høyanger kyrkje
Foto: Andreas Ester

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **Redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Layout: Stig Jonny Fitje

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk: Printfarm AS

Velkommen som ny konfirmant!

I mai-månaden har vi hatt fine konfirmasjonsgudstenester i Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Bjordal. Bilete av konfirmantane finn du i dette bladet. Og så vil vi invitere dei som kan bli konfirmantar i 2025 å melde seg på! Konfirmantane og foreldre får tilsendt brev med meir informasjon i desse dagar.

Årsrapporten for Den norske kyrkje 2023, som i slutten av mai 2024 blei vedtatt av kyrkerådet, viser at konfirmasjonen i kyrkja står sterkt i heile landet med visse variasjonar. Dette kan vi absolutt finne stadfesta i kommunen vår, og det er svært gledeleg! Konfirmasjon er ein av dei store dagar i livet. Og vi i kyrkja har jobba for og vil jobbe vidare for at konfirmantane får oppleve eit meningsfullt og spanande opplegg i heile konfirmasjonstida. Det blir ei blanding mellom lokale samlingar og større arrangement der konfirmantane får vere saman med fleire: det blir kick-off i starten, konfirmantfestival i oktober og weekend på Alværa i januar. Dei siste par åra har vi i sterkare grad oppmoda konfirmantforeldra om å stille opp for konfirmantane sine og vere med på gudstenester dei skal bidra til og hjelpe til mellom anna under weekenden, festivalen, fasteaksjonen m.m. Vi synest det kan vere viktig for konfirmantane sin del og givande for foreldra også. Dette vil vi halde fram med.

Årsrapporten for Den norske kyrkje (som ligg på nettsida www.kirken.no) løfter fram fleire felt som døme på godt arbeid og positiv utvikling i kyrkja, trass i til dels store utfordringar. Eitt av desse felta er baby- og småbarnssong i kyrkja. Og rapporten visar nett til babysong hos oss i Høyanger som eit positivt eksempel og trykker eit kort intervju med kyrkjelydsarbeidar Heike Müller om dette. Gratulerer!

Andreas Ester sokneprest

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor
Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor
Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik

Adm. sekretær: Ali Kharrat
Mobil: 404 58 649
E-post: MK549@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse
Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post:
knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:
Andreas Ester
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik
Inger Cesilie Fitje
Mobil: 908 94 788
E-post: IF267@kyrkja.no

Trusopplærar
Heike Müller
Mobil: 993 98 497
E-post: HM635@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje
Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no

Kantor: Permisjon

Leiarar av sokneråda:
Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
Bjordal. og Ortnevik:
Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellesråd:
Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar
Høyanger: Heike Müller tlf. 993 98 497
Kyrkjebø og Vadheim:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Bjordal: vakant
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Andakt

Ei gammal jødisk legende fortel om ein rabbinar som sat under nattehimmelen saman med læresveinane sine og undra seg over skaparverket. Då spurde rabbinaren om nokon av dei visste korleis ein kunne avgjere når natta er over, og dagen har teke til.

Læresveinane byrja å diskutere. Etter ei stund reiste ein av dei seg og sa; «Er det kanskje når morgonlyset kjem opp i horisonten, og ein kan skilje jord frå himmel? Rabbinaren såg opp. «Det var eit godt svar», sa han, «men rett er det ikkje».

«Er det kanskje når sola kjem fram, slik at ein kan skilje mellom eit daddeltre og eit fikentre?», spurde ein annan, men rabbinaren rista tålmodig på hovudet. Læresveinane diskuterte vidare. «Er det kanskje når sollyset vekkjer gjetaren, og han på avstand kan skilje mellom sauene og gjetarhunden?» «Dagen nærmar seg, men de har framleis ikkje funne svaret», sa rabbinaren.

«Men fortel oss det, då», ba læresveinane, «korleis ein kan avgjere når natta er forbi og dagen har teke til!»

Morgonlyset fall på det kloke gamle ansiktet til rabbinaren. Han reiste seg. «Du veit at morgonen har teke til», sa han, «når du kan sjå inn i ansiktet til eit



menneske og få auge på bror din eller søster di i det. Til då er natta framleis hos oss».

Sommaren står for døra, og det spirer og gror rundt oss. Som rabbinaren og disiplane undrar eg meg over skaparverket. Gud skapte, og held fram med å gjere det! Dagen og lyset openberr alt det skapte; himmel og jord, fjell, tre og levande skapningar. Og vi ser menneske, skapt i Guds bilete. Ein bror eller ei søster.

Legenda om rabbinaren og disiplane minner meg om Emmanuel Levinas og nærleiksetikken; «Ansiktets etikk». Levinas meiner at det å kunne sjå Den Andre sitt Ansikt og la seg berøre av det, er mennesket sitt viktigaste kjenneteikn. Vi høyrer til hos kvarandre, og er avhengige av kvarandre.

«Og Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt!»
1. Mosebok 1,31

*Far , du har forma
ein kvelv i mi panne
eit rom for ein lengt
etter deg.*

*Kristus du fann deg
Eit rom bak mi panne.
Du fyller min tanke
med deg.*

*Heilage Ande,
du signar mi panne.
Eg lever og andar
i deg.*
Hans Johan Sagrusten

Inger Cesilie Fitje

Dei konfirmerte i 2024:

Konfirmantane i Høyanger



Bak frå venstre: Prest Andreas Ester, Sander Skahjem Dinge, Lars Baumann Rørvik, Levi Tønning Alrek, Håkon Gunnarskog, Heine Austrheim Johansen, Nathaniel Nessestrand Menes, Nicolas Antonio Farias, Herman Svedal Hellem, Constantin van Veen

Framme frå venstre: Lovise Vedvik Berstad, Olivia Vedvik Berstad, Maria Heggheim Nesse, Andrine Sæle Holten, Thea Angelica Wangensteen, Linnea Madelen Larsen Skår, Lovinda Livden, Emma Lambrechts, Sigrid Øygunn Gunnarskog, Sofia Gunnarskog, Elvira Linnea Mjell

Konfirmantane på Kyrkjebø

Matheo Jansson
Hanna Aiko Matsui-Li
Andreas Dale
Prest: Andreas Ester



Konfirmantane i Lavik

Frå venstre:

Ida-Emilie Førde Systad

Maren Andrea

Hellem

Aisha Nurdeen

Jørgen Ringereide

Johannes Kahombe Friis



Konfirmantane i Vadheim

Prest Andreas Ester

Hannah Maria Skaar Beinnes

Andrea Fureli Johnsen



Konfirmanten i Bjordal

Prest: Rune Matsui-Li

Astrid Dæmring Førde

Diakon: Inger Cesilie Fitje

Landslova hos oss

På veg til Anders Brekke si stavkyrkje i Ortnevik passerer vi Odin med sverdet og rammen på skuldra, og vi ser drakehovuda på kyrkjetaket. Historisk autentiske vitnemål om at kyrkja representerte verdier og åndsmakt som alltid måtte brytast mot andre idear og åndskrefter i samfunnet.

Det vart i mellomalderen laga to flott illustrerte manuskript av Magnus Lagabøte si landslov av 1274. På første sida er kongen avbilda på si trone. Under trona er det eit svart og krigersk fabeldyr som vert halde i sjakk av kongen. Kongen overrekker lova til lagmannen som står på eit kvitt og fredelig fabeldyr. På toppen av sida ser vi igjen det svarte fabeldyret saman med ulven i øydemarka, og nedst på sida ser vi igjen det kvite fabeldyret i eit grøderikt landskap. Det er lett å forstå symbolikken. Kongen si nye lov skal kontrollere vonde krefter og skape fred og grøde i landet.

Med den eine handa peikar kongen opp mot himmelen. Det er Gud sjølv som er oppdragsgjevaren og som no vil at verdiane, sanning, fred, rettfærd og miskunn, som i mellomalderen var kjent som Guds fire døtre, skal få innpass.

Kva relevans har dette for oss i dag? Kva verdier er viktige for at lokalsamfunna våre skal verte grøderike og velutvikla bygder der alle destruktive krefter vert haldne på avstand?

Geir Sørebo

Velkommen til stavkyrkja i Ortnevik søndag 18. august kl. 16.00. Då vil Geir Sørebo innleie til samtale om gamle og nye verdier.



To gonger såmannen i Høyanger kyrkje

Høyanger kyrkje er teikna av arkitekten Arnstein Arneberg saman med Olav Platou og byr på eit gjennomført kunstnarisk formspråk som smeltar saman tradisjon og det moderne, med utsmykking og kyrkjekunst som integrert del. Uvanleg nok finn vi motivet av såmannen på to ulike sentrale stader i kyrkja som tolkingsnøkkel for det som skjer i gudstenesta. Den berømte forteljinga om såmannen innleiar det store likningskapittelet i Mark 4, Mat 13, Lukas 8. Jesus brukar metaforiske bilete og småforteljingar tatt frå kvardagen for å fortolke det han kallar «Guds rike». Såinga blir skildra med fire ulike utfall (vegen, steingrunn, klunger og god jord) med hovudvekt på det siste og svært stor grøde. I himlinga av våpenhuset ser vi såmannen når han sår ut kornet med hand og slåttekaren med ljå når han haustar inn aksa. Teikninga viser tradisjonelle norske klede og reiskapar og visualiserer slik likninga sitt hovudpoeng. I tillegg ser vi i sentrum under taket sola (som er nemnt som element i handlinga) og stjernehimlen, samt to kvinnelege figurar.



Den andre framstillinga finst på fronten av preikestolen, godt synleg for kyrkjelyden (sjå omslaget til dette bladet). Her er såmannen vist som skulptur i treskjering, utført i same type mørkebrunt eiketre som preikestolen – og framstår difor som ein del av han. Denne såmannen er i utsjånad meir «bibelsk» eller «himmelsk», kleda og håret er forgylla, figuren er omkransa av aks som dekorasjon, såkornet dalar loddrett ned frå handa. I evangelia følgjer etter likninga ein såkalla «likningsteori» og så ei allegorisk fortolking av såmannslikninga: her blir såkornet direkte identifisert med «ordet» og tilhøyrarane med dei fire ulike typar jord. Skulpturen på preikestolen vekker forventinga at dette «ordet» blir forkynt i preika som denne såmannen sår ut. Eit synspunkt ved treskulpturen er verdt å merke seg. Ansiktstrekka, hårfasongen, kroppen med smale skuldre og kleda er såpass feminine eller androgyne at det har blitt spurd om dette var ein kvinneleg person? Såmannen Jesus er ikkje slik som klisjéane vil ha han.

Andreas Ester sokneprest

Minikonfirmanthelg

23 minikonfirmantar frå Balestrand, Høyanger, Kyrkjebø, Lavik og Hyllestad var samla til leir på Alværa ei helg i april. Ein fantastisk gjeng med 5. klassingar med mykje positivitet og pågangsmot. I tillegg var det tre dyktige ungdomsleiarar og ein gjeng med godt vaksne som hadde ansvar for kjøkken og programmet.

Det er flott å komme saman frå forskjellige bygder og sjå at vi kan noko av det same. Så då vi song «Tett ved sida mi går Jesus» - minikonfirmantsongen – ja, då vil eg påstå at det lydde mykje betre enn det ofte gjer i kyrkja.

Tema for helga var påske og misjon. Laurdag gjekk vi påskevandring – frå



palmesøndag til påskedag. Vi skulle også vere kreative anten ved å måle påskemotiv på lerret, vere med å dramatisere då Jesus syner seg for læresveinane ved Tiberiassjøen etter at han hadde stått opp att eller ved å lage eit påskelandsskap av det ein fann i naturen. På misjonsettermiddagen fekk ein høyre meir om Mali. Deretter var det «misjonsreise» der vi fekk smake på ulike



Å vere trommis er ikkje heilt enkelt.



Full konsentrasjon på leirkvelden

frukter, teste trommeferdigheit, lære steinspel frå Mali. Vi prøvde også å bere «vatn» på hovudet slik mange kvinner gjer på Madagaskar, og i Frankrike fekk vi prøve oss som tårnbyggjarar.

Heilt til slutt var det misjonstivoli der vi kunne strekke seigmenn, få flette i håret, kaste bordtennisball i kopp og stable sukkerbitar. På misjonstivoliet kom det inn 1250 kr til misjon i Mali.

Til avslutningsgudstenesta søndag var familie invitert. I tillegg til song og bønner fekk vi høyre og sjå drama. Måleria og påskelandsskapet vart også presentert. Etterpå var det kyrkjekaffi der mange foreldre hadde sytt for kaker til kyrkjekaffien, og sjølv om det var fullt i matsalen vart det rikeleg til alle. Det er flott å kunne møtast frå ulike bygder og spennande med nye fjes. Mange fekk nye vener, og det vart utveksla mobilnummer før ein reiste heim. Takk til alle som hjelpte til. Takk til de foreldre for at vi fekk låne det mest dyrebare de har ei heil helg.

For meg vart det ei kjekk og god oppleving saman med høflege og flotte born. Tekst og foto: Toril Lange



Steinspel frå Mali

Saman som kyrkje i heile verda

Misjonsprosjekta i sokna våre

Den norske kyrkja har i sine planar med at ein vil oppmuntre til at alle sokn har misjonsprosjekt. «Vi vert døypte inn i den lokale kyrkjelyden vår – og samstundes inn i eit verdsvidt fellesskap der Jesus Kristus knyter oss saman.» Alle sokna i Høyanger har misjonsavtale med NMS. Det norske misjonsselskap har som motto: «Saman deler vi trua på Jesus, kjempar mot urett og utryddar fattigdom.»

Høyanger og Kyrkjebø har prosjekt i Estland og Lavik i Mali. Bjordal og Ortnevik avsluttar no Maliprosjektet og støttar eit nytt prosjekt i Etiopia i ein to-årsperiode. Dette vil bli markert på gudstenesta i Bjordal kyrkje 1. september.

«Betre levekår – fokus på kvinner og ungdommar»

Grønt prosjekt i Etiopia

Programmet har to hovudmålsettingar. Den eine er at kvinner og ungdom skal få tilgang til inntekt og juridiske rettar ved å fokusere på:

- a. Sosial og økonomisk påverknad for kvinner
- b. Økte jobbmogelegheiter og verdiskaping for ungdom
- c. Oppretthalde

tradisjonelle mekanismer for konflikthandtering i samfunnet, og at kunnskapen vert overført til dei yngre generasjonane
Den andre hovudmålsettinga er at klimasmart og berekraftig landbruk blir praktisert ved:

- a. Økt fokus på å ta vare på miljøet og livsgrunnlaget
- b. Berekraftig landbruk som er motstandsdyktig mot klimaendringar
- c. Økt kunnskap om stadeigne plantar som er motstandsdyktige mot tørke og eigna for skogvern

Misjon i Mali

Lavik kyrkjelyd har hatt misjonsprosjekt i Mali sidan 1994. Kva er vi med på i Mali? NMS er partner i Den evangelisk lutherske misjon i Mali – MELM – saman med kyrkje i Nigeria og Kamerun og Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Norge.

Der er vi med på:

- Kyrkjelydsutvikling blant fulaniar
 - Bibelomsetjing til fulani
 - Kjempe mot omskjering og barneekteskap
 - Alternativ inntekt i konfliktområde
- Tradisjonelt er jordbruk og husdyrhald viktige inntektskjelder, men uro i Mali gjer det vanskeleg. Det vert arbeidd med å sikre rettane til kvinner og barn og å betre levekåra. Spare-og lånegrupper er sentrale i dette arbeidet både som arena for det handlingsskapande arbeidet og for kurs i inntektsbringande arbeid for kvinne og unge vaksne. Vi trur dette arbeidet er med på å skape håp og å motverke radikaliserings i ein krevjande situasjon i landet

(Henta frå brosjyra Misjonsavtale, Mali)



Foto frå NMS

Estland

Sidan 2021 har kyrkjelydane i Høyanger og på Kyrkjebø støtta arbeidet i Estland.

Kva er vi med på i Estland?

NMS samarbeider med Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja (EELK) om å plante livskraftige kyrkjelydar og skape nye møtestader. I tillegg støttar vi barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja.

I Estland er vi med på:

- Kyrkjelydsplanting og kyrkjebyggjande arbeid i 2 bydelar i Talinn, Saku og Mustamäe.
- Leiarutvikling og lekmannsopplæring
- Kristent mediearbeid – av og for ungdom

- Global ungdomsutveksling mellom kyrkjer

Om Kristent mediearbeid - av og for ungdom – står det:

NMS støtter Plussmedia, som er eit kristent arbeid av og for ungdom.

Ungdomane kjem både frå lutherske og andre kyrkjelydar. Dei unge produserer mellom anna radioprogram, eit TV-show og innhald til sosiale medium. Målet er å engasjere unge menneske i mediearbeid, gi ansvar og utruste dei til å informere om og diskutere tema av betydning for deira kristne tru.

(Henta frå brosjyra Misjonsavtale Estland)

Takk for gaver til fasteaksjonen

Det endelege resultatet frå sokna våre blir ikkje ferdig før seinare på året på grunn av ei omlegging i Vipps. Utanom Vipps kom det inn kr. 44.132,-. Det er pengar som kjem godt med i Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Takk til alle som tok godt i mot bøsseberarane og støtta aksjonen!



Friluftsgudstenesta i Måren 2. pinsedag

Foto: Vidar Myren



Orgelkonsert i Høyanger Kyrkje

Tidlegare organist i Høyanger (1992-1997), Abram Bezuijen, hadde ein flott konsert der Bach sine Goldberg variasjonar var programmet. Dei nærare 50 som møtte på konserten var storvegnes fornøgde.

Instrumentet fekk begeistre oss med all sin toneprakt! Takk, Abram!!



Foto: SJ Fitje



Barnas



Prikk til prikk



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
– Kvifor er det så mørkt her?
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Glede og fellesskap på Alværa

«Gudsteneste for alle» var tema på Alværa i januar



Prest Silje Sørebo og organist Erlend Foto: Trude Brosvik

Vel 40 personar var samla på kyrkje- og misjonsdagen. Praten gjekk livleg heile dagen – kjekt å møtast og dele erfaring. Geir Sørebo innleia om temaet, og Silje Sørebo framførte forteljinga «Den fjerde vismannen».

Gudstenesta var lagt opp slik at mange personar var medliturgar, kyrkjelyden gjentok som ekko og først ved nattverden vart gudstenesta leia av prest. I staden for preike hadde Geir Sørebo og Inger Cesilie Fitje samtale om teksten. Ungdommar deltok med song og forbøn.

Forsongargruppe frå Brekke og Vik hjelpte til slik at songen blei god, og vi blei også kjent med nye songar som tek opp aktuelle tema i vår tid.

11. januar 2025 blir det ny kyrkje- og misjonsdag. Vi håpar mange får lyst til å bli med då!

Drifta på Alværa kyrkje- og misjonscenter

Sidan 2019 har Alværa vore driven stort sett på dugnad. Alværa-foreininga vart stifta for eit år sidan og foreininga v/styret fekk då det fulle og heile ansvar for drift og vedlikehald. Korleis har det gått?

Vi kan sjå tilbake på eit år med mykje aktivitet og optimisme. Det har vore eit kjekt og spennande år. Alværa har hatt mange brukargrupper. Kyrkjelydar både nord og sør for Sognefjorden har konfirmantleirar der, Lavik kyrkjelyd bruker Alværa til nokre samlingar, kristne organisasjonar nyttar staden til weekender, fleire storfamiliar har lagt samlingane sine til Alværa, staden vert nytta til konfirmasjon og feiring av runde dagar, og sidan vinteren 2023 har det vore Sytref to gonger i året.



30 syande damer møtast på Alværa to gonger i året.

Alværa vert i utgangspunktet uteleigd på sjølvkost, der ein får nøkkel og litt informasjon når ein kjem. Ein har også

kapasitet til å tilby full pensjon til nokre grupper.

Det er alltid spennande korleis det går økonomisk. For Alværa har mange hus og eit stort uteområde som skal ha tilsyn og vedlikehald. 2023 vart eit godt år, mykje på grunn av minimalt med lønsutgifter. I tillegg får

Alværa ein god del gâver. Ein del av dette brukte vi til energisparande tiltak som varmepumper i fellesromma og termostatar på alle badegolv.

Sommar ved Sognefjorden

Frå 28. juni til rundt 22. juli vil Mona og Jens vere vertskap på Alværa kyrkje- og misjonscenter og ta i mot gjestar.

Alværa ligg ved E39, 4 km aust for Lavik. Alværa kan då tilby:

- overnatting med frukost
- middag etter avtale
- felles opphaldsrom med bordtennis/biljard/brettspel/Lego
- uteområdet med grasplenar, sandkasse, volleyball, crossnet, bålpanne, hestesko m.m.
- 100 meter til badebukt med flytebryggje
- fisking frå svaberga (ta med fiskestong)
- søndagsmiddag

Romma på hovudhuset har frå 2 til 6 sengeplassar; dei fleste romma har hems, alle har eige bad.



Godt med gode naboar når flytebryggja skal sjøsettast.

Store deler av sommaren har Alværa 1-2 hytter og 1 husvære til utleige.

Kvar hytte har 2 soverom med til saman 4 senger. Husveret har 4 soverom med 5 sengeplassar.

For meir informasjon – følg med på Alværa si Facebook-side.

Kontakt Alværa på e-post:

alveram@nms.no eller mobil: 48990661.

Prisar finn de på Alværa si heimeside - www.alvera.no



På veg ned mot sjøen og badebukta/flytebryggja

NMSU – leirar på Alværa

- Sommarleir for 2.-7. klasse 25.-27. juni. Info på nmsu.no – leir, vel Bjørgvin og du får opp leiren på Alværa
- Haustleir/agentleir i oktober.

Bjordal og Ortnevik sokn

T-klubb m.m. på Sørsida

Desse tysdagane etter skuletid er det planlagt T-klubb for 2. klasse og oppover i Gamlebanken i Bjordal: 17. sept., 15. okt., 12. nov. og juleverkstad 10. des. Søndag 15. sept. blir det aktivitetsdag i Ortnevik med utdeling av Mi kyrkjebok 4 og 6. Tårnagentdag blir i samband med lysmesse søndag 1. des.

Open kyrkje sommaren 2024

Ortnevik kyrkje er i skuleferien open kvar fredag kl. 16 -18. Då kan ein komme fram og tilbake med båt frå Vik, og kan også besøke Anders Brekke si stavkyrkje som alltid står open. Turistar og fastbuane er velkomne til å vere i det vakre kyrkjerommet og finne ro til kvile og ettertanke.

Friluftsgudsteneste med dåp på Sørebo 7. juli kl. 12.00

Vi håpar mange finn vegen til Sørebo denne sommardagen. Gudstenesta er ved Geir Sørebo og Inger Cesilie Fitje, og Anders Brekke vil spele på orgelet sitt. Det vert kyrkjekaffi, og dei som vil grille tek med det dei treng til sin familie. Leikar og natursti for born og vaksne. Dersom det er dårleg vermelding vert gudstenesta i Bjordal kyrkje.

Olsok på Sande ved Ortnevik 29. juli kl 18.00

Også i år er vi velkomne til å feire olsok under dei vakre bjørketrea på Sande. Der er det minnestein om kulturpersonlegdomen Olav Sande og fin utsikt utover fjorden. I år er gudstenesta ved Andreas Ester, og Anders Brekke vil som vanleg gle oss med orgelmusikken sin. Under kaffien er det god tid til ein prat på kyrkjebakken. Vi kler oss etter veret og håpar på sol. Hjarteleg velkommen!

Køyring til samlingar i kyrkjelydane

Med lange avstandar, ikkje minst på Sørsida, er det viktig at vi har ei ordning for kyrkjeskys. Mange fyller opp bilane sine, og det betyr mykje for dei som får vere med. Det er fint at ein kan invitere med seg naboar og andre som ein trur vil sette pris på det. Dersom nokon ikkje veit kven dei kan spørje, har vi ei ordning med at ein ringer ein kontaktperson som formidlar kontakt vidare. På Sørsida kan ein ringe Sissel Sørebo tlf. 91689381 dagen før arrangementet.

Høyanger sokn

Babysong

I september held vi fram med babysong i Høyanger. For at det skal verte mogeleg for foreldre frå heile kommunen å vere med, bytar vi dag til tysdag. Dei aktuelle datoane som er planlagt: 10. sept., 24. sept., 22. okt., 5. nov., 19. nov. og 3. des. 2024.



Babysong vitja sjukeheimen

Foto: IC Fitje

Open kyrkje i Høyanger

Kyrkja vil vere open kvar laurdag mellom kl. 13.00 og 15.00 frå 22. juni til 10. august.



Kyrkjebø sokn

Open kyrkje ein onsdag ettermiddag?

Ja, kvifor ikkje? Opne kyrkjer er vanleg mange stadar, og har ulike variantar, også i vår kommune. I Kyrkjebø sokn har me valt å halda kyrkja open fire onsdagar gjennom sommaren, to gonger i juni og to i august.

Då kan du møte opp, få ei stille stund, gå rundt og studere interiøret og bileta, og på nært hald gjere deg kjend med kyrkja på ein annan måte enn du elles kan gjere. Du får ein kaffikopp med noko attåt, og ein kyrkjevert er alltid til stades, klar for ei samtale – om du ynskjer det.

Du får også noko meir;

i inntil ein time i denne to-timars opningstida kan du få med deg ein liten konsert, og dermed ei heilt gratis og hyggjeleg musikkoppleving.

Lokale musikkrefter; alt frå ferske kulturskuleelevar til drivne musikarar stiller opp med song, spel og historieforteljing. Ein liten dose sjelemedisin.

Ta med familie, vener og/eller sommargjestene dine til denne fredfulle og innhaldsrike ettermiddagsstunda i Kyrkjebø kyrkje.

Sjå oppslag og annonsering i sosiale media og på kyrkja sine nettsider!

Folkemusikk gudsteneste på Kyrkjebø

Soknerådet har i fleire år hatt planar om ei folkemusikkmesse i kyrkja vår.

No skjer det! Rett nok ikkje før i oktober, men følg med på oppslag og i media.



Kva er så dette? Skilnaden på denne messa og ei vanleg gudsteneste er at alt det musikalske er basert på folketonane våre – også dei liturgiske ledda. Så er det også eit poeng at lokale musikarar og koristar medverkar meir i messa. Her vil difor m.a. Kul-koret og andre dyktige musikalske krefter delta. Det vert nytta folkemusikkinstrument saman med orgelet, så du møter gjerne samspel her som du elles sjeldan opplever i ei kyrkje i vanlege gudstenester. Meir omtale og presentasjon av aktuelle musikarar vil fylgje i seinare annonsering.

Gudsteneste på Vadheimsstølen

Også dette året vert det friluftsgudsteneste på Vadheimsstølen i august.

Denne tradisjonen er etterkvart godt innarbeida. Grunneigarane på stølen gjer ein stor innsats for å tilretteleggje på best mogeleg vis for ei triveleg stund i fjellet. Det er ein kort spasertur frå bilvegen og til stølsvollen, der du etter gudstenesta kan slå av ein prat, nyte medbrakt nistepakke, eller kanskje vert det servert mat?

Det vil kome oppslag og annonsering som fortel om alternativa når det nærmar seg. Unn deg denne turen til eit flott område, der du også kan rekke å gå ei ekstra runde i terrenget, anten før eller etter samlinga på stølsvollen.

Ei oppleving av og i Skaparverket.

Der kan du retteleg kjenne på kyrkja sitt mål og visjon: meir himmel på jorda.

Velkomen!



Frå dugnaden på Vadheim gravplass

Vadheim – kva skjer i kapellet?

For folk i Vadheim er mange viktige hendingar i livet knytt til bedehuskapellet i bygda. Mange er døypte, konfirmerte og vigde der. Til sist er også gravferda frå kapellet.

Så er det eit sørgjeleg faktum at aktiviteten og bruken av kapellet elles er liten. Det medfører også avgrensa inntekter for stiftinga som eig kapellet, og

det fører i neste omgang til at ein slit med vedlikehaldskostnadene og lite engasjement rundt huset. Dette ynskjer fellestrådet og soknerådet å få til ei breiare drøfting med bygda om.

Til hausten vert det invitert til ei samling der huset og aktiviteten der vert tema.



Sæbø Gravplass



Lavik kyrkje og kyrkjegard



Bjordal kyrkje



Kyrkjebø kyrkjegard

Viktig med dugnad

I vår har det vore dugnader rundt om på gravplassane i kommunen. Det er gledeleg at mange stiller opp for å gjere gravplassane og områda rundt kyrkjene fine før høgtidsdagane i mai. Dugnadene syner resultat og byr også på hyggje og sosialt samver. Det vart fine grusgangar,

raka og fjerna rusk og rask. Tre og buskar vart beskåre eller fjerna med saks og motorsag. Det er flott at dette er gjort før kyrkjegardsslåtten ved Baarøy A/S byrjar i mai. I Bjordal og Lavik vart det også pussa, feia og vaska inne i kyrkjene, og i Høyanger vart murar nymalte og fine. Sokneråda takkar alle som har stilt opp på dugnadene!

Nytt frå kyrkjeverja

Våren starta litt heller kjøleg, men avslutta med sommartemperaturar og mykje sol. Me har sannsynlegvis hatt tidenes flottaste maivêr.



kyrkjemusikar og stillinga som administrasjonssekretær, hatt mykje av fokuset denne våren.

Dugnadane har allereie redaksjonen skrive om på vegne av sokneråda, og underteikna må slutte seg til det som alt er skrive – dugnadane set prikken over i-en for stell og vedlikehald på gravplassane og i kyrkjene.

På gravplassen i Vadheim blir det no ordna med ein ny vasspost – slangar og krane er innkjøpt. Og eg veit at både her og i Høyanger er det planar om å hjelpe til med meir målingsarbeid.

Me har også hatt profesjonell hjelp til vedlikehald. Murpussen i korenden av Høyanger kyrkje er reparert – både rundt glasmåleriet, langs taket på sideveggen og nokre plassar til. Om ein tenker at vedlikehaldet vert enklare med murbygg, så tek ein feil.

I Bjordal kyrkje har me no fått på plass fjernstyring av varmen. Her er stillinga som kyrkjetenar framleis vakant. Flott om nokon kan hjelpe oss – om ikkje anna enn med oppgåver utan bunden arbeidstid, som reingjering og tilsyn av kyrkja.

For kyrkjeverje og fellesråd har utlysing av stillingane både som organist /

Stillinga som

administrasjonssekretær vart ledig då Ali Kharrat fekk ei full stilling med ansvar for å busette og integrere flyktningar for Høyanger kommune. Det er synd at vi mistar han i staben vår, men me må gratulere både han og avdelinga for Kultur og integrering i Høyanger kommune! Me kan også glede oss over at han berre flyttar til eit nabokontor når han sluttar hos oss i august.

I høve tilsettingane så har fellesrådet tilsett både sekretær og kyrkjemusikar / organist.

Som sekretær er Renate Ørnehaug Dale tilsett i 50%. I dei resterande 50% er ho kyrkjeverje i Hyllestad. Renate har allereie teke i mot stillinga. Ho kjem til å starte for fullt 1. september.

Som kyrkjemusikar er Harald Dahlstrøm tilsett i 50% stilling. Han har imponert oss som vikar siste året! Han har takka ja og startar i stillinga 1.juli.

Den siste som er tilsett har fått tilbod om ei 40% stilling hos oss. Det fyller ut den stillinga vedkomande allereie har, og me håpar dette også går i orden.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Høyanger kyrkje

14.04.2024 Albert Mjell Moritsgård

05.05.2024 Noah Valsvik Østensen

Lavik kyrkje

09.05.2024 Sedrik Øren

19.05.2024 Olav Solheim Strandos



VIGDE

Høyanger kyrkje

25.05.2024 Kjersti Eline Humlestøl og Dan Robin Systad Fludal

DØDE

Høyanger

Arild Inge Kirkebø F.04.11.1941- D.06.04.2024

Trygve Johan Borlaug F.12.01.1937- D.23.04.2024

Kyrkjebø

Arne Dåvøy F.26.12.1944 - D.01.04.2024

Lavik

Kjell Vadheim F.01.05.1960 - D.24.03.2024

Per Hovland F.26.01.1934 - D.22.05.2024



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

- **15.juni - laurdag**
kl.11. Alværa, Alværastemne
- **16.juni 4. søndag i treeiningstida**
kl.12. Høyanger Sommarfest
v/A. Ester
- **30.juni 6. søndag i treeiningstida**
kl.11. Lavik v/ I.C. Fitje
- **7. juli – 7. søndag i treeingstida**
Kl. 11 Høyanger v/ R. Matsui-Li (dåp)
Kl. 12 Sørebo (dåp)
v/ I.C. Fitje og G. Sørebo
- **14. juli – 8. søndag i treeiningstida**
Kl. 11 Kyrkjebø v/ R. Matsui-Li
- **29. juli - Måndag, Olsok**
Kl. 18 Sande, Ortnevik v/A. Ester
- **4. august – 11. søndag i treeingstida**
Kl. 15 Vadheimsstølen
v/ A. Ester og I.C. Fitje
- **25. august - Vingardssøndag**
Kl. 11 Kyrkjebø v/ A. Ester
(konfirmantpresentasjon)
Kl. 11 Lavik v/ I.C. Fitje
(konfirmantpresentasjon +
50 årskonfirmantar)
Kl. 18 Høyanger v/ A. Ester
(konfirmantpresentasjon)
- **1.september – 15. søndag i treeingstida**
Kl. 11 Bjordal v/ I.C. Fitje
(konfirmantpresentasjon)
- **11. september - onsdagsgudsteneste**
Kl. 17 Høyanger v/ A. Ester
(kombinert med konfirmantsamling)
- **15. september – 17. søndag i treeingstida**
Kl. 17 Vadheim v/ A. Ester
- **22. september – 18. søndag i treeingstida**
Kl. 11 Kyrkjebø v/ A. Ester
- **29. september - 19. søndag i treeingstida**
Kl. 11 Høyanger v/ A. Ester
(hausttakkefest)
Kl. 16 Lavik v/ I.C. Fitje (hausttakkefest)
- **6. oktober – 20. søndag i treeingstida**
Kl. 12 Massneset v/ I.C. Fitje
(hausttakkefest)
- **Laurdag 12. oktober**
Kl. 18 Folkemusikkmesse i Kyrkjebø kyrkje
v/ A. Ester, Kjell Ivar Aase m.fl.



NB: Det kan skje endringar! Følg med på Facebook eller på: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Dugnaden på Ortnevik kyrkjegard



Murane utanfor Høyanger kyrkje vart som nye!



Jubileumsgudsteneste

Sundag 25.august kl. 11.00 i Gulen kyrkje

Vi har mykje å feira i dette jubileumsåret, og for fyrste gong i historia har Bjørgvin bispedøme fått kvinneleg biskop. Ragnhild Jepsen kjem for å halde jubileumsgudstenesta i Gulen kyrkje i Eivindvik den 25. august. Slik vil biskopen bidra til ei verdig og høgtidleg avslutning på det offisielle programmet denne jubileumshelga. Mange fleire deltek, blant anna blir det song av skuleelevar og av Brekke Mannskor. Prost Helge Taranrød og fungerande sokneprest Bjørn Magne Hansen deltek. Ordførar May-Lynn Osland blir med, og sjølv sagt vår nye sokneprest Håkon Kinsarvik. Organist er Peter T. Jobbagy.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset.

Vi håpar mange tek turen til Gulen kyrkje denne dagen!